## Vi tilbyr

- Eit fast golftilbod fredagar kl. 11.00-13.00 på pitch & put-banen, kr. 100 ,-
- Spele golf med rettleiing.
- Sosial samling i klubbhuset etter spel på banen.
- Fritt lån av køller og ballar på pitch & put-banen.

## Påmelding

- Meld deg på til Anne Britt Fanekrog på tlf. 472 36 943, eller bookingtelefonen 415 41 084
- Påmeldingsfrist torsdagar kl. 12.00

## Her finn du oss

Sotra Golfklubb AS og banen til Sotra Golfpark AS,
Berglia 10, 5363 Kolltveit.

*Copyright Øygarden kommune 2022.*



# Golf for alle!



Dei aller fleste kan spele golf. Gjennom Golf grønn glede vil Sotra golfklubb tilby eit tilrettelagt golftilbod som gir deltakarane moglegheit til å vera aktive etter eigne ønskjer og føresetnader.




## Golf Grønn Glede

Sotra golfklubb tilbyr eit lågterskel- og tilrettelagt golftilbod gjennom tilbodet Golf for alle! Målet vårt er å få menneske som av ulike grunnar ikkje er så aktive ut i aktivitet og inn i eit sosialt fellesskap gjennom golf, og hindre utanforskap.

## Ein idrett for alle

Dei fleste kan spele golf og det er ein idrett ein kan starte med både tidleg eller seint i livet. Vår mål er å spe golfglede og motivere deltakarar til å kome i fysisk aktivitet samstundes som ein har det kjekt saman med andre.

## Målgruppe

Gjennom Golf for alle! samarbeider Sotra golfklubb med Norges Golfforbund og Et Slag Av Gangen om å gje eit golftilbod til menneske som har fysiske eller psykiske helseproblem, rusproblem eller som av andre grunnar fell utanfor. Vi er også her for menneske som ønskjer å finne tilhøyr gjennom golf, eller som rett og slett berre har lyst til å prøve golf for å sjå om dette er noko for dei.

Golf grønn glede

ET SLAG AV GANGEN



## Om Sotra golfklubb

Sotra Golfklubb har ca 1 200 medlemmar i alle aldrar og held til på Sotra Golfpark AS på Kolltveit. Klubben har eit unikt sosialt miljø og arrangerar golfkurs kvar månad i sesongen.

Golfbanen består av ein 9-hols hovudbane og ein 9-hols pitch & put-bane. På pitch & put-banen kan alle spele og det er ikkje krav til medlemsskap eller golfkort. På hovudbanen er det krav til golfkort for å kunne spele. Golf Grønn Glede nyttar pitch & put-banen.

Oppå Kolltveittunellen ligg drivingrangen, ein treningsplass med 20 utslagsmatter, stor puttinggreen og sandbunker.

